



Pressemelding 2. november 2020

Koronatilfelle på tre skular og ein barnehage

Alle tilfella er nærkontaktar til dei tilsette i Seim barnehage som fekk påvist koronavirus i helga.

Måndag 2. november fekk Alver kommune melding om at sju nye har testa positivt for koronavirus.

Fire av tilfella er knytt til Alversund skule, Juvikstølen barnehage, Knarvik ungdomsskule og Sagstad skule og gjer at kommunen må stenge fleire klassar og avdelingar.

– Sju nye tilfelle på ulike plassar i kommunen høyrer mykje ut, men vi kjenner smittevegen til alle tilfella. Alle vart testa fordi dei er nærkontaktar til dei to tilsette i Seim barnehage som fekk påvist koronavirus i helga. Det vi gjer no er med andre ord å avgrense smitten frå dei to første tilfella, fortel kommuneoverlege Terese Folgerø.

Stenger to avdelingar og fem trinn

Følgjande avdelingar og trinn blir stengde den neste tida – dei fleste til og med måndag 9. november:

- Juvikstølen barnehage stenger avdelingane Filosofen og Kunstnaren
- Knarvik ungdomsskule stenger 8. og 10. trinn
- Alversund skule stenger 3. og 5. trinn
- Sagstad skule stenger 7. trinn

Skulane og barnehagen har tatt direkte kontakt med alle føresette med barn som er nærkontaktar. Dei har i tillegg sendt eit eige informasjonsskriv til alle føresette.

– Det er ulike omsyn som gjer at vi sender elevar på skulane heim. I nokre av klassane er alle nærkontaktar. For andre klassar handlar det om drift – at vi ikkje har nok lærarar til å ha elevane på skulen. Det blir heimeskule for alle klassane. Dette får foreldra meir informasjon om frå kontaktlærar, fortel kommunalsjef for oppvekst, Kristin Moe.



Jobbar med smittesporing

Koronasenteret jobbar med å få oversikt over situasjonen og teste dei nærkontaktane som skal testast.

– Nye retningslinjer frå Folkehelseinstituttet gjer at vi no som hovudregel berre testar vaksne og barn over ungdomsskulealder. Det betyr at dei fleste barn som er nærkontaktar på Juvikstølen barnehage, Alversund skule og Sagstad skule ikkje blir testa, om dei ikkje har symptom. Koronasenteret tar kontakt med alle nærkontaktar som skal testast, seier kommuneoverlege Folgerø.

I tida framover er det viktig at alle med symptom som feber, vondt i halsen, hoste, tung pust, hodepine, slappheit og nedsett lukte- eller smakssans blir vurdert for test. Dette gjeld alle, også dei som er i karantene eller på heimeskule. Alle som treng helsehjelp må ta kontakt med lege.

Kommuneoverlegen ber dei som kan om å ikkje ringe koronatelefonen, men ta kontakt via det elektroniske skjemaet på nettsida til kommunen

– Avgrens omgangskrinsen din!

Alver kommune følgjer situasjonen tett og vil vurdere nye tiltak etter kvart.

Ordførar Sara Hamre Sekkingstad oppmodar alle om å følgje dei nasjonale råda og avgrense den sosiale kontakten sin framover.

– Eit utbrot som dette visar kor viktig det er å ikkje ha for mange i den nære omgangskrinsen sin. Jo færre nærkontaktar kvar av oss har, desto enklare blir det å få oversikt og spore kor smitten kjem ifrå når slike ting skjer, seier ordføraren.

Ho rosar leiinga og tilsette i kommunen som har jobba på spreng etter at dei første meldingane om nye tilfelle kom måndag morgon.

– Leiarar i administrasjonen, skulane og barnehagen har samarbeidd for å handtere situasjonen på ein best mogleg måte. Dei har jobba raskt og godt, seier ordføraren.

Kontaktpersonar

- Kristin Moe, kommunalsjef for oppvekst
E-post: kristin.moe@alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Mobil: 988 57 205

- Sara Hamre Sekkingstad, ordfører
E-post: sara.sekkingstad@alver.kommune.no
Mobil: 456 07 474